



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato:
30.08.2019
Dykkar dato:

Vår ref:
2018/605
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eva Bendiksen, 55572051

Tildelingsbrev - Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulje 4, prosjektnummer U1917

Meland kommune har fått plass i pulje 4 i Utdanningsdirektoratet sitt kompetanseutviklingstiltak *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*.

Tiltaket har som mål å styrke barnehagane, skulane og eigarar sin kompetanse til å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø og forebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Tilbodet skal styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til deltakarane, samt kompetansen i å drive kvalitetsutvikling lokalt.

Økonomi

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 520 000,-** til Meland kommune, organisasjonsnummer 951549770 kontonummer 1503 18 83722. Tildelinga blir gjort på bakgrunn av søknaden frå kommunen som viser at både barnehagar og skular kal ta del i tiltaket.

Føringar for bruk av midlane

Midlane skal nyttast til:

- frikjøp/tilsetting av ressurspersonar i minimum 20 prosent stilling for barnehage og 20 prosent for skole gjennom heile deltakaperioden
- reise i samband med møte og samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet og/eller Fylkesmannen
- gjennomføring av lokal oppstartsamling
- utgifter til møte og samlingar i lokale nettverk undervegs

Planar og rapportering

Alle deltakarar skal utarbeide plan for kompetanseutviklinga. Planen er viktig for forankring av arbeidet og skal vere retningsgivande for kommunens og den enkelte eining sitt arbeid. PPT bør involverast i arbeidet. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd forslag til mal for plan som kan nyttast om ønskjeleg.



Frist for innsending av kommunen sin plan til Fylkesmannen er sett til **10. januar 2020**.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eit eige system som skal nyttast både til evaluering undervegs og til slutt i prosjektperioden. Det er skuleeigar og barnehageeigar/barnehagemynde som har ansvaret for prosessane i dei ulike einingane. PPT er ein del av kommunane/regionen sin rapport. Utdanningsdirektoratet ønskjer at kommunane sender inn ein rapport for barnehage og ein for skule.

Frist for undervegsrapporteringa er sett til **15. februar 2021**. Fylkesmannen skal deretter lage ein samlerapport til Utdanningsdirektoratet. Sluttrapporten har frist eit år seinare.

Vi viser elles til brevet « Informasjon om deltakelse i Inkluderende barnehage- og skolemiljø. Samlingsbasert tilbud, pulje 4» frå Utdanningsdirektoratet.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent